

Bygdabladet

for BOKN



Bokn ride- og køyreklubb har gjennomgått eit generasjonsskifte og bygger opp eit miljø på Torland. Les meir s. 14



Det seiast stadig at folk i bondeyrket i tradisjonell forstand og særleg små gardar som i Bokn må ha arbeid ved sida av for å kunna livnæra seg.
Les meir s. 4



Laurdag 4. juni var Bokn Skulekorps invitert til Finnøy for å vera med på Øyastevnet. Dette stevnet samlar musikk-korps frå øyene i distriktet.
Les meir s. 9



Siste helga av mai hadde Haugaland krins av Noregs KFUK-KFUM-speidere den årlege leiren for ulvungar og meiser på Blikshavn på Karmøy.
Les meir s. 10

Kulturmidlar 2005

Jardar Havikbotn

Bokn formannskap fordelte i møte 8. juni årets kulturmidlar.

Aktivitetar for barn og unge, musikk og idrett med vekt på aktivitetsnivå, medlemstal og årlege utgifter blei prioriterte.

Kr. 90.000 blei fordelte slik:

Lag/organisasjon	Fordeling	(Fekk 2004)
Bokn barnekor	kr. 4.000	(3.000)
Bokn bedehus	kr. 1.500	(2.000)
Bokn båtforening	kr. 1.000	søkte ikkje
Bokn danse-/ungd.lag	kr. 1.500	(1.500)
Bokn gatebilkubb	kr. 2.000	oppstartsmidlar
Bokn hagelag	kr. 1.000	(1.000)
Bokn historielag	kr. 1.000	(1.000)
Bokn idrettslag	kr. 20.000	(18.000)
Bokn KFUK/-M	kr. 9.000	(14.000)
Bokn musikkorps	kr. 9.000	(12.000)
Bokn mållag	kr. 1.000	(1.000)
Bokn ride-køyrekl.	kr. 13.000	(12.500)
Bokn Røde Kors	kr. 10.000	(10.000)
Bokn skyttarlag	kr. 5.000	(6.000)
Bokn vevstove	kr. 1.000	(1.000)
BCG-dataklubb	kr. 10.000	(7.000)

Laga med berre vaksne medlemmer fekk kr. 1.000,- kvar. Litt meir til Danse- og ungdomslaget for at dei gir eit kurstilbod til barn og unge. Bedehuset fekk litt mindre enn i fjor.

Barnekolet og BCG-dataklubb fekk det dei søkte om og Skyttarlaget fekk litt mindre enn i fjor.

Den nyoppstarta gatebilkubben fekk oppstartingsmidlar.

Blant dei fem største søkjarane fekk BIL 2.000 meir enn i fjor. BORK og RK har signalisert store prosjektutgifter gjennom §7-søknad og fekk meir enn Musikk-korpset og speidarane pga. dette.

§ 7 - støtte til eit spesielt tiltak

Tre lag hadde søkt om ekstrapotten (kr. 10.000):

Bokn Røde Kors:	<i>Oppstart av Bokn Røde Kors Ungdom</i>
Bokn båtforening:	<i>Færingar til allment bruk</i>
Bokn køyre- og rideklubb:	<i>Reparasjon av brakker</i>

Som ekspanderande og aktiv forening får Bokn båtforening kr. 10.000 til prosjektet *Færingar til allment bruk*.

Med dette kulturtiltaket inviterer dei heile bygda til å ta del i ein bit kystkultur, i ei tid med mykje fokus på trim og fysisk aktivitet - og ikkje minst tilrettelegg for at kunnskap om roing går over til den oppveksande generasjon.



27 unge får 1 veke sommarjobb

Reidar Alvestad

Bokn kommune har i fleire år gitt tilbod om sommarjobb til unge i 9. og 10. klasse i ungdomsskolen og grunnskurselevar i vidaregåande skule.

Det har tidlegare dreia seg om pluss/minus 20 ungdomar som har nytta seg av tilbodet. Men i år er det talet auka, og midlane som kommunen har løyvd held til 1 veke for kvar ungdom.

Varierte arbeidsplasser

Hadde det ikkje vore for at ein i år har fått så mange jobbar i privat sektor, ville ein ikkje kunna gitt tilbodet til alle som søkte. Det er nemleg slik at desse private arbeidsplassane er med og deler på utgiftene saman med kommunen. Og i år er omtrent halvparten av desse sommarjobbane hos private. Det er meir enn tidlegare år. Det er flott at så mange private bedrifter kan ta imot ungdommar.

Arbeidsplassane i år dreier seg om arbeid på gard, Bufellesskapet, fiskebåtar, laksenæringa, kafe, kommunale avdelingar som barnehage, kjøkken, eldreomsorg, bygdeblad, og saman med vaktmeister. Det var også tilbod om kontorarbeid, men ingen søkjarar.

Ungdomane som skal ut i sommarjobb er frå 15—17 år gamle.

Bokn kommune har i år løyvd brutto kr. 103.500,- til tiltaket. Med ei stimulert inntekt frå private arbeidsgjevarar på kr. 15.000,- er nettoutgifta kr. 88.500,-. Ved at ein i år har fått fleire plasser hos private arbeidsgjevarar, får ein inn vel kr. 11.000,- meir enn stipulert, og kan dermed også ha ei bruttoutgift på rundt kr. 11.000,- meir enn budsjettert og gå i balanse.

Godt med erfaring

Det er også mange ungdomar som skaffar seg arbeid på eiga hand, og då kanskje for lengre tid. Men også dei unge som får sommarjobb gjennom kommunen, får gjennom dette praksis, og kan lettare få arbeid i same bedrifta ein annan sommar, eller andre stader. Arbeidserfaringa er god å ha med seg, og kan gi ungdomen fin referanse ved seinare søknader om arbeid.

Dei yngste er gjerne uerfarne og treng trening, men mange arbeidsgjevarar har gitt uttrykk for at dei unge lærer fort.

Barn om foreldre og familie:

- Pappa sier mamma'n min er bevisstløs når hun kjøper klær. (Tor 6 år)

- En ektefelle er noe som er laget av jern og ofte henger ute i

skogen. (Tobias 6 år)

- Når jeg blir voksen vil jeg bli akkurat som pappa, bortsett fra at jeg ikke vil ha hår over hele meg. (Tony 8 år)





RDFØRAREN RDET

Årsrekneskapen for 2004 er avslutta og kommunen kjem ut med eit rekordunderskot på 2,3 mill kr. Dette er dramatisk og Bokn er i ferd med å komme på myndighetene si "svarteliste".

Store finansutgifter i samband med svært store investeringar og tap av momskompensasjon er hovudårsaka til underskotet.

Både administrasjon og politikarane arbeider nå for at Bokn ikkje skal tape på endring av momskompensasjonen. Både Storting og regjering har sagt at ingen kommunar skal tape på omlegginga, så me burde lukkast i dette arbeidet.

Årsmeldinga viser at sjukefråværet i Bokn kommune har gått ned frå 8,8% til 3,8%, noko som er svært gledelig. Først og fremst godt for kvar enkelt, men og for heile arbeidsmiljøet i kommunen.

Vil nytta anledninga til å retta ein stor takk til alle tilsette for innsatsen de har gjort for å levere svært gode tenester til innbyggjarane på Bokn.

Omorganisering

Kommunestyret vedtok i budsjettmøtet at det skulle vere ein gjennomgang av organisasjonen og drifta for å få orden på den økonomisk vanskelige situasjonen som Bokn er komen opp i.

Gjennomgangen er nå ferdig og kommunestyret slutta seg til rådmannen si innstilling som inneber at der blir færre seksjonsjefar, 3 nå mot 7 tidlegare, og endring av ansvar og arbeidsoppgåver for fleire tilsette.

Alle endringane er enno ikkje på plass, men vil bli tatt over lit tid. Eg vil retta ein takk til alle tilsette som har medverka til denne nødvendige endringa.

Det er svært viktig at me alle brettar opp armene og gjer ein innsats for at Bokn kommune fortsatt skal kunne tilby boknarane kommunale tenester som ligg på topp av kommune-Norge og at me får ein positiv utvikling på Bokn.

Lån

Det er også gjennomført ei reforhandling av låna som gjer

at finansutgiftene blir redusert mykje.

Innsparinga som desse tiltaka går til å oppretthalda drifta på ein god måte og gir kommunen økonomisk handlefridom igjen.

Sal

Formannskapet har gått gjennom kommunen sine eigedomar og vedtatt å selje fleire.

Alle eigedomar som skal seljast blir lyst ut for sal så det er berre å følgje med på om det kjem noko spennande.



Ein av eigedomane som er for sal.

Fleire eigedommar har uklare grenser og eigarforhold og det vil bli satt i gong eit arbeid for å avklare dette før ein bestemmer kva som skal skje med eigedomane.

Kompetanseutviklingsplan

Kommunestyret har óg slutta seg til ein kompetanseutviklingsplan for skulen. Regjeringa set nå i gong ei styrking av fleire fag, samt at der skal satsast på eit nytt språk. Dette inneber at kompetansen på skulen må betrast. Regjeringa har øymerka pengar til vidareutdanning av personalet og kommunen har også sett av pengar til dette.

Me får alle håpe at dette arbeidet vil bere frukter slik at alle elevane får tilfredstillande kunnskap, spesielt innan lesing, skriving og rekning, til å takle kvardagen som kjem.

Skulen er nå ferdig og eg vil ønske alle i avgangsklassen lykke til med vidare utdanning og håper at de vil vurdere Bokn som ein kommune å etablere seg i når den tid kjem.

God sommar til dykk alle.



STORTINGS- OG SAMETINGSVALET 2005

Kunngjering om utlegging av manntal



Står du i manntalet?

Dersom du ikkje står i manntalet, kan du ikkje røysta ved Stortings- og sametingsvalet måndag den 12. september.

Du kan undersøkje om du står i manntalet i Bokn kommune når manntalslistene for heile kommunen vert lagde ut på desse stadene:

- Servicetorget i Bokn, Boknatun.

Manntalsutkaste som vert lagde ut, gjeld heile kommunen og ligg ute frå og med 27. juni til og med valdagen 12. september.

Dersom du har flytta til ein annan kommune og melding om flytting ikkje er motteke i folkeregisteret innan 31. mai 2005, står du framleis i manntalet i den kommunen du flytta frå.

Du kan då velja om du vil røysta på valdagen i den kommunen du har flytta frå, eller om du vil førehandsrøysta. Informasjon om førehandsrøystinga vert kunngjort seinare.

Dersom namnet ditt ikkje står i manntalslistene som er lagde ut, eller det er andre feil i listene, kan du klaga til valstyret så snart råd er.

Klage må vera skriftleg og skal vera grunngjeven.

Adressa til valstyret er :

Bokn valstyre, Boknatun 5565 Bokn.

Valstyret kan etter vallova "oppdatera manntalet så lenge det er praktisk muleg".

Bokn, den 24. juni 2005

Svein Ove Alvestad
leiar i valstyret


ADVENTURE FARM:

Dyr og natur i familievennlege område på Are

Reidar Alvestad

Nyskaping

Det seiest stadig at folk i bondeyrket i tradisjonell forstand og særleg små gardar som i Bokn må ha arbeid ved sida av for å kunna livnæra seg. Mange peikar på ulike nisjenæringar som skal kunna foregå ved at ein ser med nye auger på kva det er muleg å få utav naturgjevne forhold i tilknytning til at ein som grunnlag har tradisjonell gardsdrift.



Rasehøns i innelukka område på garden har vore utsett for minkangrep. Eselet er 8 mnd. gamalt, og fylgjer husfolket som ein hund.

Somme har satsa på bær, andre på grønt som kristtorn, juletrær, andre på "grønn omsorg" kor dei ved sida av gardsdrift tar på seg tilsyn og omsorg for barn med ulike behov og funksjonshemmingar. Andre satsar på hestar og riding, og mange på turisme med utleige av hytter og tilbod om fiske og liknande.



Ingri t.h. og Joao Pedro t.v. i sykkelbåten som er til utleige. Framføre dei ein fiskebåt som kan leigast.




Eselet forsyner seg frå matbordet.

ADVENTUREFARM - opplevingar med dyr og natur

Og det er noko av det sistnemnde Ingri Are og sambuaren Joao Pedro tenkte på då dei ved påsketider i år flytta frå Oslo og heim til Ingri sin barndomsheim, kor dei på kort tid har kome eit langt steg på veg for å realisera eit prosjekt som dei i fleire år har gått og tenkt på, nemleg eit opplevingsområde i fine og rolege naturområde for barn og vaksne.

Joao Pedro er opprinneleg frå Portugal, men har jobba mange år ved Disneyland i Paris. Det er han som med hjelp av faren og andre har sett opp mykje av det som alt er laga til nå.

Ingri er utdanna barnevernpedagog, og har dagleg arbeid som miljøterapeut ved Bokn skule. For henne blir det difor kveldar og weekendar som blir nytta på det



Geiter og minigris i skjønn forening på bergnabbane.



Oppe ved leikeplassområdet er det også inngjerda ballbane og stor grill med bord og sitjeplassar i bakgrunnen.

nye prosjektet heime på Are.

Ideen

Dei var begge samde om at området hadde potensiale til å kunna nyttast, og bestemte seg for å prøva det ut. Dei ynskte begge å bruka naturen i prosjektet, noko som var sjølve grunnlaget for å gå i gong. Men skal dei få noko ut av det i kroner og øre, må dei ha eit produkt som trekker til seg besøkande frå nær og fjern. Dei har difor satsa på ulike tiltak:

- * **Bondegard** med forskjellige hønserasar, ender (av rasen indiske løpeender), kaniner (angora), geiter, minigris, esel og sauer.
- * **Leikeplassområde** med stor disponibel grill og sitjeplassar pluss ballbane
- * **Badeplass** i Steinsvika
- * **Utleige** av sykkelbåt, kano, båt med påhengsmotor og fiskestenger. Gode tilhøve for fisking frå land og båt både i sjø og ferskvatn.
- * **Attraktivt terreng** for fotturar



Fin utsikt over sjø og land frå toppen ved leikeplassen.

Vidare planar

Initiativtakarene ynskte å basera seg på dei naturgitte omgjevnadane i området og gardsdrifta som var frå før. Her er det fine og varierte område frå naturen si side, med holmar og skjær, badestrand, kupert terreng med



Minigrisen forsyner seg av kraftfor.

nakne berg og nabbar, og skogkledde parti. Går du opp til området ved leikeplassen og grill, ser du vidt utover området.

Men som dei sjølv seier, så har dei hatt kort tid til å førebu seg på denne sesongen. Ikkje minst gjeld dette å få produktet marknadsført skikkeleg. Dei har imidlertid med tid og stunder tenkt å satsa breiare og få eit betre grunnlag ved å setja opp utleigehytter, slik at t. d. familiar som likar denne form for ferie og fritidsopplevingar, kan stoppa litt.

Utsikter

Korleis dette vil utvikla seg, vil tida visa. Det manglar ikkje gå-på innsats og entusiasme hos paret som satsar på dette. Ideen burde vera god, likeså framtidsutsiktene. Det gode med slike opplegg er at dei har inntektsgrunnlag i form av at ein av dei har annan jobb, og at dei bygger på det som garden har frå før av sjøhus, brygger, naturgjevne område mv.

Ein annan ting er nærleiken til trafikken som passerar ferjeleiet. Marknadsføringa vil bli viktig. Produktet er særleg berekna på familiar med barn. Dei seier at dei seinare vil satsa på at barnehagar, skular institusjonar og liknande kan nytta seg av opplevingstilbodet. Slikt vil ta tid å få innarbeid. Dei tilbyr også å arrangera bursdagsselskap på området, i tillegg til at dei vil tilby barnevakt for foreldre som har behov for det. Dei vil også leggja opp til å selja småvarer som is og brus.

Inngangspengar vil bli 25 kroner, og då kan folk bruka heile området. Det vil kosta ekstra å leiga båt og fiskestang.

Fred og ro

Det var ikkje vanskeleg å forstå at at ungar vil lika seg i dette området. Det er som skapt for barn. Kupert og variert i det inngjerda området kor dyra held til. Spannande berghyller, trær og gøymeplassar i leikeplassområdet. Inngjerda ballspelplass.

Eit 8 mnd. gammalt esel følgde etter oss som om det skulle vera ein godlynt hund. Minigrisen og geitene sprang rundt og jakta på kraftfor som Joao Pedro lokka dei med, og kaninane hoppa rundt i inngjerdinga.

Men hønsa var det verre med. Dei 6 av 30 som ennå ikkje var tatt av minken, var helst blitt litt forskremde, fortalde Ingri. På tross av hønsehus og finmaska inngjerding, hadde ein mink grove seg under gjerdet og blodtøstig forsynt seg med 25 av dei flotte rasehønsa.

Så nå var det om å gjera å redda dei 6 som var att. Men Ingri sa at dei skulle kjøpa nye.

Eg blei i godt humør av å tilbringa halvannen time på ein ennå ikkje heilt ferdig ADVENTUREFARM på Are. Og det skuldast både vertskapet som hadde slik entusiasme og pågangsmot, og sjølve opplevinga. Det må vel vera mange andre i distriktet og andre stader som ynskjer å få dei same naturopplevingane på ein stad der du ikkje kan unngå å fornemma fred og ro.

Men Ting Tar Tid, og med litt meir marknadsføring og skilting på sjølve området, pluss ei skrittvis utbygging, vågar eg å spå at dette har livets rett om også lykka står dei bi.

Frå det nedre området kor dyra held seg.



Kommunal informasjon



Lus på skulen heile vårsemesteret

Jardar Havikbotn



Mykje tyder på at den ufarlege, men svært smittsame og plagsame krabaten har fløret blant skuleelevar heilt sidan januar. For lite informasjon og manglande oppfølging av enkelte foreldre er årsaka, trur helsesyster.

Barnehagen har også hatt fleire tilfelle i løpet av første halvår 2005. Helsesyster Rita Førland seier at dette ikkje er unikt for Bokn, skular i Tysvær har hatt det på same måten i denne perioden. Ho har vondt for å tru at lusa har blitt resistent (motstandsdyktig) mot alle hårkurane man får kjøpt på apoteket.

- Skulen må senda ut informasjon med ein gong dei får beskjed om at ein elev har lus, og foreldra må vera nøye med kamminga. Enkelte sjekkar ikkje før ungane klør og då kan dei allerede ha smitta 20 stk., fortel Rita, som er forfattaren bak informasjonsskriva skulen får frå helseseksjonen. Ho meiner samarbeidet mellom dei to seksjonane fungerer godt.

Bygdabladet har grunn til å tru at det heile dreier seg om ein gjensidig informasjonssvikt. Det seier seg sjølv at me ikkje blir kvitt problemet dersom det både blir slurva med å seia i frå til skuleleiinga om lusfunn og at informasjonen går for seint ut frå skuleleiinga.

- Me gjennomførte kamming av skule og barnehage, bortsett frå enkelte ungdomsskuleelevar, rett før påske i mars, etter press frå skulerektor og seksjonssjef helse. Sjølv er eg usikker på om slike kammingar har noko for seg, seier Rita.

Ho nemner at andre kommunar har slutta med dette fordi mange då trur at problemet er over.

- Eg er redd for at slike hendingar fører til at folk slappar av og ikkje følger opp slik dei burde. Foreldre bør sjekka minst ein gong i veka, helst med lusakam, i luse-periodar.

Sidan problemet sporadisk har dukka opp heile semesteret, siste gong rundt skuleavslutningstider, oppfordrar helsesyster til nøye sjekking av samtlege elevar i skule og barnehage, slik at hausthalvåret blir lusfri. Ho ber folk ta kontakt med helseseksjonen dersom dei

er usikre på noko om dette.

Fakta om hodelus

Hodelus forekommer oftest om vinteren. Lus skyldes ikke dårlig hygiene, men smitter vanligvis ved direkte kontakt fra hode til hode. Andre mulige smitteveier er hodeplagg, skjerf eller puter.

Lusa lever i håret nederst i hodebunnen. Ofte ser man ikke lusa, bare eggene. De klitrer seg til hårstråene, og er lettest å se i nakken, bak ørene og i hårfestet på isen.

Behandling

Bare den som har fått påvist hodelus skal behandles. Man skal ikke behandle "for sikkerhets skyld". Unødvendig bruk av lusemiddel kan føre til tap av effekt.

På apoteket kjøpes en oppløsning som inneholder malathion, **Prioderm liniment**. Oppløsningen fordeles godt inn i hår og hodebunn om kvelden. Neste morgen vaskes håret med en vanlig sjampo. Gre gjerne håret med en finkam (kjøpes på apoteket) mens det er vått.

Behandlingen med Prioderm

gjentas etter 8-14 dager. Etter hver behandling med **Prioderm liniment** skiftes sengetøy og håndklær. Kammer, børster, luer og liknende vaskes og legges i dypfryser over natta. Lus dør hvis de behandles i 5 minutter ved 60 grader, eller oppbevares i dypfryser noen timer.

Spedbarn skal ikke bruke malathion. Da anbefales **Nix sjampo**. **Gravide, ammen- de og barn over 1 år** kan bruke **Prioderm sjampo**. Begge disse behandlingene gjentas 2 ganger (4. og 8. dag).

Resistente hodelus er blitt et stadig større problem. Prioderm, som er det anbefalte midlet fra Folkehelse, var lenge virksomt, men også mot dette midlet er det nå påvist resistente lusestammer. I mangel av effektive midler, og som et supplement ved bruk av lusemidler, kan riktig utført kamming brukes til å bekjempe hodelus.

Frå sjukehusapoteket.no

Spelemidler 2005

Multianlegget i **Føresvik nærmiljøanlegg** (hinderløype, klatrevegg, ballvegg, skateområde, akebakke og faste bordten-

nisbord) samt sandvolleyballprosjektet fekk full pott etter årets tildeling, kr. 247.000

Idrettskonsulent i Rogaland fylkeskommune, Hans Olav

Sandvold, lovar også pengar til ballbingen ved klubbhuset til Bokn idrettslag til neste år, så her står utfordringane i kø - og fleire må bretta opp armene endå meir.

Skytebane-prosjektet til Bokn skyttarlag fekk heller ikkje midlar i år, og står fortsatt på venteliste. (Ordinære idrettsanlegg er prioritert lågare enn nærmiljøanlegg).

Vil laga parkeringsplass

Jardar Havikbotn

Nord-Rogaland og Sunnhordland Friluftsråd vil forbetra parkeringa ved oppstigninga til Boknafjellet.


Blant fleire planar i Bokn vil Friluftsrådet vera med og leggja til rette for at fleire og fleire skal ha toppen av Boknafjellet som turmål. 7. juni var dagleg leiar, Oddvin Øvernes, Gunnar Bokneberg og underteikna på utkikk etter eit eigna område for parkeringsplass.

Gunnar, som er grunneigar saman med Annbjørn Bokneberg, viste oss raskt ein naturleg plass for parkering 60,70 meter ned i bakken frå Vaulen mot Gunnarstad. Dette var midt i blinken for Oddvin, som hadde både målband, oppmerkingsspinnar og kontrakt i bilen.

Den grusa parkeringsplassen skal vera omlag 50 m lang og gi plass til 10-15 bilar. Staden skal tinglysast og disponerast i minst 40 år. Dei positive grunn-eigarane får kr. 5.000. Det er Friluftsrådet som tar alle kostnadene med prosjektet.

Manglar berre kikkert

Oddvin kan ikkje gløyma den unike utsikten frå toppen under skyfri himmel på Friluftsrådet sitt årsmøte 31. mars i år. Han vil gjerne bidra til markedsføring av



Dagleg leiar i Nord-Rogaland og Sunnhordland Friluftsråd, Oddvin Øvernes, th. og Gunnar Bokneberg målar opp til ny parkeringsplass for fjellvandrarar som skal til toppen.

dette på rådet sine nettsider; www.nrshf.no

Dersom du tar deg ein tur opp i dag, vil du kunne sitja på ein ny, flott bordbenk som Bokn hagelag har sett opp. Underteikna jobbar med eit kikkert-prosjekt, noko som ikkje er billig.

Me får etterkvart sjå kva meir Friluftslivets år 2005 bringer med seg.

Cannabisdyrkar fekk fengsel og bot

Jardar Havikbotn

Mannen som hadde ein narkoplasmasje i eit hus på Jøsen hausten 2002 har no fått dommen sin.

Aktor i saka, jurist Halvor Bjørndalen ved Haugaland og Sunnhordland politidistrikt, seier til Bygdabladet at dei er nøgde med å ha fått gjennomslag for at dette i høgaste grad dreier seg om dyrking av narkotiske stoffer, og at det blir fastsett at slike forhold er straffbare.

Den 43-årige stavangermannen, som blei tatt med eit stort kvantum, hevda at plantene hans ikkje inneheldt det narkotiske verkemiddelet THC, men eit vitne frå Nye Kripes fortalde i retten at stoffet finst i heile cannabisplantene.

- Bare meint til eige forbruk, sa mannen til politiet

då han blei tatt i Jøsen. Dette skulle vera medisin til ein lungesjukdom han hadde. Påstanden inspirerte Bokn revylag til å laga revyen "Kun te' medisinsk bruk", framført eit år etter at orda cannabis, hasj og marihuana blei brukt flittig på bygda.

Den gong stod den angrande syndaren fram på TV-Rogaland og beklaga det heile, før han flytta til Stavanger for ikkje å øydelegga miljøet på Bokn.

No er han dømd til fengsel i seks månader fengsel, og ei bot på kr. 4.000,-



Politibetjent Kyrre Lindanger ved Tysvær lensmannskontor med funnet i 2002; cannabisplanter, produksjonsutstyr, brukarutstyr og litteratur om emnet.

I ganske mange år har jeg vært medlem i Høyre. Selv om jeg ikke har vært enig i alt Høyre står for, har jeg hittil følt at det var riktig. Jeg har imidlertid nå innsett at Høyre beveger seg i en retning som ikke faller i min smak, og som må få følger for medlemskapet.

Årsakene er flere, men det som engasjerer meg mest, er Høyre's holdning til kommunesammenslåing, og at dette evt. kan skje med politisk eller økonomisk tvang. Ved hjelp av reduserte eller fjernede økonomiske overføringer som basis- og regionaltilskudd, kan kommunene tvinges til å gå sammen, fordi dette medfører at driftsgrunnlaget for disse kommunene forsvinner.

Som kjent er det ikke vesentlige beløp for storsamfunnet å spare på dette, siden en utredning gjort av NIBR for kommunaldepartementet viser følgende: De minste kommunene utgjør 25 % av totalt antall kommuner i landet. Disse kommunene vi her snakker om, bruker bare 5 % av de totale overføringene fra statskassen til kommunene. **Av de nevnte 5 % kan man ved å slå sammen disse kommunene spare 5%. Virkelig storfangst!**

Dette er et godt eksempel på misforstått politisk handlekraft, og framstår som direkte distriktsfiendtlig. Det vil medføre en rasing av kommunestrukturen, og bygdene i landet vårt vil bli sterkt rammet på mange måter.

Høyre's holdning i denne saken misliker jeg sterkt. Den innebærer en arroganse overfor befolkningen i distriktene som jeg ikke kan akseptere, og som etter min mening har en skjult agenda: det er ikke de minste kommunene som trenger å bli innlemmet i større kommuner for å øke kvaliteten på tilbudet til innbyggerne – det er de store kommunene/bykommunene som trenger de mindre befolkede kommunene – av flere årsaker.

Jeg har bodd i en kommune med under 800 innbyggere i 22 år, uten å føle at jeg har manglet tjenester. Jeg regner meg selv som et relativt oppegående individ, som er i stand til å oppdage om utviklingen hos meg selv eller mine omgivelser

har stanset helt opp. Hva er det jeg selv ikke innser jeg mangler, men som dere vil tilby meg som innbygger i en større kommune?

Jeg er dessverre redd for at det dere "tilbyr" meg er følgende: Lege og tannlegetilbud forsvinner fra bygda, ungdomsskolen forsvinner, ambulanse stasjonert i bygda forsvinner, banken blir nedlagt, trygdekontoen forsvinner, vi mister innflytelsen over hva som skjer i bygda på grunn av for liten representasjon i styrende organer, og bygdesamfunnets livskraft og identitet blir redusert.

Dette er ikke særlig fristende framtidsutsikter – og det vil i tillegg føre til at en del innbyggere etter hvert synes tilbudet i lokalsamfunnet er for dårlig – og flytter.

Kommunenes Sentralforbund i Rogaland har nylig utarbeidet en rapport som omhandler kommunestrukturen i fylket. Denne rapporten konkluderer med at sammenslåing av kommuner i fylket kun er en politisk motivert sak, det er ikke et faglig grunnlag som kan legges til grunn. Det er intet som tyder på at det vil gi vesentlig profitt, verken økonomisk eller i tjenester til innbyggerne, snarere tvert om.

Det er et utstrakt interkommunalt samarbeid i Rogaland slik det er i dag, med mer enn 100 samarbeidsprosjekt – men hver kommune tar fortsatt sine egne beslutninger.

Rapporten viser videre at det ikke er slik at tilfredsheten med tjenestetilbud og annet som karakteriserer kommunen, er større jo større kommunen er.

Det er heller tvert om, slik undersøkelsen i Rogaland viser: Innen eldreomsorgen karakteriseres kommunen som god tjenesteleverandør av 80 % av de spurte i kommuner med mindre enn 2000 innbyggere, mens tilsvarende tall i de fire Rogalandskommune med mer enn 30000 innbyggere er 22 %.

Det anbefales å lese rapporten, her kan bare nevnes noen få eksempler. Blant annet kan nevnes at det bare er hver femte innbyggere som ser behov for å gjøre noe med kommunegrensene, i de

minste kommunene bare 12 % av befolkningen som ønsker dette.

Fatamorgana eller rasing av lokalsamfunnene?

Erna Solberg – det er på tide du kommer på banen og ramser opp på fordeler av kommunesammenslåing i stor skala i landet vårt! Det bør være tungtveiende fordeler, siden det skal oppveie for alle ulempene vi blir påført. Nå er det ikke lenger nok å mumle om at småkommunene ikke vil klare oppgavene sine i framtida – hvilke oppgaver er det egentlig snakk om?

Det er blant annet sagt i denne prosessen at "kommunens rolle som samfunnsutvikler må styrkes." Er det dette dere fremmer nå?

Om du ønsker å utrette noe som sentral politiker, tror jeg du bør finne noe som kan gi deg et bedre ettermæle enn dette vil gjøre. Det er imidlertid mulig det allerede er gått prestisje i denne saken. Det har vært så lenge og så mye om-talt, at man sikkert "må" foreta seg noe...

Selv må jeg ut på leting etter et parti å stemme på til høsten, et parti som ikke vil ødelegge samfunnet jeg bor i. Siden flere av de største partiene har åpnet for tvang, er kanskje ikke valgmulighetene så store. Partiene bør gi klare signal før valget hvilke standpunkt som er tatt i denne saken.

Samtidig vil jeg oppfordre alle som bor i distrikts-Norge til å tenke seg godt om før dere går til stemmeurnene. Stortingets sammensetning fra høsten av kan avgjøre framtida di ved bruk av politisk/økonomisk tvang, kanskje med støtte i diverse komiteinnstillinger produsert i urbane strøk, eller utredninger laget av politiske broilere som knapt er halvtørre.

Hvem vet? Kanskje vi om noen år er fornøyde med at bygdene i Norge ligner landsbygda i for eksempel Sverige og Finland – hvor vi kan kjøre mil etter mil uten at det er tegn til liv...

Hilsen Gunn Grønnestad, Boken Tidl.medlem nr. 11963113

Øyastevne på Finnøy

Tekst: Julianne Nilssen - foto: Kristin Eide

Laurdag 4. juni var Bokn Skulekorps invitert til Finnøy for å vera med på Øyastevnet. Dette stevnet samler musikkorps frå øyene i distriktet.



Bokn skulekorps masjerar frå Finnøy sentralskule.

Forutan Bokn, var Kvitsøy, Mosterøy, Bru og sjølvsgatt Finnøy samla. Finnøy hadde 45 års jubileum og skulle feira i fleire dagar, og la inn Øyastevnet som ein del av programmet sitt.



Alle korpsa er samla nede i Judaberg-sentrum.

Korpsset frå Bokn fekk låna skulen frå fredag kveld og la opp til ein kosetur med overnatting som avslutning på sesongen. Mange av musikantane tok heile familien med seg og reiste med egne båtar. Alle samlast ved skulen til grilling om kvelden, og at me fekk låna skulen sitt symjebasseng gjorde stor suksess.



Skulekorpsset spelar på Finnøy sentralskule.

Lørdag morgen kom resten av gjengen frå Bokn og stevnet kunne begynna.

Det starta med fellesøving for alle korpsa. Så bar det ut på vegen. Korpsa delte seg i to grupper, og marsjerte kvar sin veg ned mot kaien på Judaberg. Både langs vegen, her nede og på sjukeheimen fekk folk høyra den fine musikken.

Når ein såg kor fine dei andre korpsa stilte, med kor-



Alle korpsa spelar i lag på konserten.

rekte uniformar, må me seia at det er på tide med ei oppstramming i vårt korps; joggesko, svarte dongrybukser. Kor er hattane blitt av?

Etter marsjeringa var det tid for middag. Store langbord med gryterett, is til dessert.

Til slutt var det stor konsert i gymsalen. Først kvart korps for seg, så alle felles til slutt.

4 nummer hadde dei øvd inn samla. Aspirantane fekk òg vera med, og det blei ein flott musikalsk opplevelse.

Me blei inviterte til Kvitsøy på Øyastevnet til neste år. Det håper me å få til, for dette var kjekt.

Det er kjekt å treffa andre og sjå korleis dei har det og få ny inspirasjon for både musikantar og leiarar.

Barns forklaringer på ord og uttrykk om dyr:

En fjert er en liten fugl med grå vinger. (Stig 9 år)

Et vingfang er lengden av en fugl

på tvers. (Vilde 7år)

Jeg har funnet et harepuskjelett som hadde ramla ut av kroppen på en kanin. Jeg tror det var et pap-paskejelett for det var ganske vis-sent og kjedelig. (Line 6 år)

Alle dyr kom på jorden før men-neskene. Dyrene levde i ro og mak helt til menneskene kom og lagde veier, hus, hoteller og kondomer. (Lars 10 år)

Atten ulvungar og meiser frå Bokn på krinsleir på Blikshavn

Leiv Våga

Siste helga av mai hadde Haugaland krins av Noregs KFUK-KFUM-speidere den årlege leiren for ulvungar og meiser på Blikshavn på Karmøy.

Nær 300 ungar og eit lite hundre leiarar slo leir der i surt regnver laurdag morgon. Men i speidaren er det ikkje dårleg ver, berre me har gode regnkler, og det hadde alle mann. Og dei måtte opp av sekken med ein einaste gong. Men litt utpå føremiddagen letta det, og allereie ved opninga og føremiddagsmaten var det mest tørt i graset.

Først på programmet etter opninga, kom krinstevlinga der 42



Til føremiddagsmat låg tusen brødiskiver



Ungane frå Bokn tok rikeleg føre seg.

kull stilla. Bokn hadde med to, nemlig blått og rødt kull. I løpet av eit par timar var ungene rundt på til saman 18 postar for å løysa oppgåver, alt frå knutar og naturspørsmål til vedkubbekast og kristendom, frå fyrstehjelp og lengdevurdering til speidarkunnskap og lukteøving.

Etter ein god pause og litt mat var det aktivitetssøka som stod for tur. Ungane kunne då velja mellom skattejakt, hengekøyelaging, Linedance, kubbespel, primitiv mat, skinnarbeid, laga pil og bue, tauaktivitet, knivsløyd, laga voksbåt, og fisking. Der var noko for ein kvar smak.



Eit tusen pølser og brød gjekk med der nede i rullesteinsura.

Middagsmaten var grilling i rullesteinura ved sjøen. 20 - 30 bål av god og tørr ved vart tent opp, og snart var eit lite tusen pølser svidd av og fortært. Eit herleg måltid i fin natur vart det.

Slutten på programmet den dagen var eit friskt leirbål med mykje skoy og fin andakt til slutt.

Rundt midnatt hadde alle roa seg. Det var ikkje verst.

Det regna litt om natta, men då ungane vakna søndag morgon, var sola komen fram. Etter frukost kunne dei velja mellom forskjellige ballspel, dersom dei ville. Men nokre velte ganske enkelt å smi eller gå rundt å bli kjent med andre. Ei gruppe fann seg ei hinderløype som dei trenga litt i. Til middag hadde me grilla karbonader.

Og så kom siste programpost, speidargudstenesta og



Gutane frå Bokn kom på fjerdeplass. Fv. Jone, Remi Andre, Oddgeir, Andreas, Kristian, Mats, Tommy, Konrad og Niklas.

avslutninga. Dei var komne dei som skulle henta og nå, og fekk vera med på ei fin og verdig avslutning på ein fin leir.

Men korleis gjekk det i tevlinga? Bokn hadde med få års mellomrom vunne førsteprisen, og var svært optimistisk. Me måtte skru forventningane litt ned på førehand. Ein plass midt på treet ville vera fint. Men veit du kva?

På fjerdeplass kom blått kull (gutane) frå Bokn. Og som om ikkje det var nok:

På tredje plass kom rødt kull (jentene) frå Bokn. Førsteprisen var delt mellom eit kull frå Haugesund og eit kull frå Ølen.



Jentene frå Bokn vart nr 3. Fv. Martine, Andrea, Marie, Regine, Bettina, Lisbeth, Henriette, Renate og Marianne.

Kommunestyremøtet 10.05.2005:

• Sak 012/05

Søknad om konsesjon - gnr. 6 bnr. 2 og gnr. 7 bnr. 3 og 15

Kommunestyret vedtok samrøystes:

1. Kommunestyret i Bokn gir Helge Solberg konsesjon til kjøp av gnr. 6, bnr. 2 og gnr. 7, bnr. 3 og 15 som omsøkt jf konsesjonslova av 28.11.2003 §§ 1 og 9, jf grunngjeving i saksutgreiinga.
2. Eit vilkår for konsesjon er at gnr. 6, bnr. 2 og gnr. 7, bnr. 3 og 15 vert lagt til og driven som ei driftseining saman med gnr. 7, bnr. 8 og gnr. 5, bnr. 1 i Bokn på ein landbruksmessig forsvarleg måte.

Formannskapsmøtet 31.05.2005:

• Sak 028/05

Klage på kommunalt gebyr.

Formannskapet vedtok: Å innrømme en reduksjon i kommunalt gebyr på kr 3.000,-.

• Sak 032/05

Kommunale avgifter.

Formannskapet vedtok: Å justere vedtatte kommunale gebyrer pga. justering i mva. fra 01.01.2005.

Kommunestyremøtet 21.06.2005:

• Sak 014/05

Rekneskap 2004.

Kommunestyre vedtok: Godkjenning av rekneskapen for 2004.

• Sak 015/05

Årsmelding for 2004.

Kommunestyre vedtok: Årsmeldingen for 2004 blei tatt til etterretning.

• Sak 016/05

Kunnskapsløftet: kompetanseutviklingsplan 2005 - 2008.

Kommunestyret vedtok:

"Kompetanseutviklingsplanen for grunnopplæringa i Bokn 2005 - 2008" blir godkjent slik den ligg føre inklusiv tillegg av:

nytt pkt. 2: "Kommunestyret forutsetter at handlingsplanen rulleres hvert år med første gang handlingsplan og budsjett ved budsjettbehandlinga for 2006."

nytt pkt. 3: "Kommunestyret ber om at IKT-plan for Bokn legges fram som eigen sak."

• Sak 017/05

Organisering og innsparing - revidert budsjett for 2005.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

SAK 36 A

Bokn kommunestyre godkjenner framlagde forslag til ny organisasjonsmodell for Bokn kommune. Den nye modellen skal gjelde frå 1. juli og settes i verk så snart det er praktisk mulig.

Kommunestyret vedtok:

Marie L. Faye, Sigmund Alvestad og Helga Alvestad gjeikk frå som ugilde.

Torstein Alvestad og Leif G. Hansen stilte som vara for henholdsvis Sigmund Alvestad og Helga Alvestad.

Sigurd Johnny Svendsen fremma forslag om å beholde noverande organisasjonsmodell.

Det vart røysta alternativt mellom forslag frå Sigurd Johnny Svendsen og rådmannen si innstilling om ny organisasjonsmodell. Forslaget til Sigurd Johnny Svendsen falt med 1 mot 15 røyster.

Deretter blei det røysta over Høyre sitt forslag i formannskapet om å behalda IKT og merkantilt personell i rådmannens stab og rådmannen sitt forslag.

Forslaget vart vedtatt med 8 mot 8 røyster der ordførars dobbeltstemme førte til at Høyres forslag vart vedtatt.

SAK 36 B

- 1) Vedlagte forslag til revidert budsjett for Bokn kommune for 2005 vert vedtatt på overordna nivå med eit nettobudsjett på kr. 32.554.078. Fordelinga til seksjonane vert gjort i samsvar med rådmannen sitt framlegg.
- 2) Økonomiplanen for 2006-2008 vert vedtatt i samsvar med rådmannen sitt forslag.
- 3) Revidert nettobudsjett er redusert med budsjetterte driftsutgifter til IKT investeringar som utgjør kr. 600.000 i økonomiplanperioden, fordelt med kr. 150.000,- pr.år. Utgiften vert overført til investeringsbudsjettet og vert finansiert frå kapitalfond.
- 4) Driftsresultaten på kr. 1.082.000,- vert brukt til å styrka disposisjonsfondet.

Kommunestyret vedtok:

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedtatt med fylgjande tillegg:

Forslag om at antall lærerstillinger skal i 2005 og 2006 oppretthaldast minst på 2004- nivå med 16,9 stillinger utan refusjon, blir oversendt formannskapet og ses i sammenheng med budsjettet for 2006.

• Sak 018/05

Søknad om konsesjon til kjøp av gnr. 23 bnr. 4 m.fl. - søker Daniel Thuestad.

Kommunestyret vedtok:

1. Kommunestyret i Bokn gir Daniel Thuestad konsesjon til kjøp av gnr. 23, bnr. 4,5, og 7 og gnr. 19, bnr. 11 for kr 1005 000,- som omsøkt, jf. Grunngjeving i saksutgreiinga jf. konsesjonslova §§ 1 og 9.
2. Det er eit vilkår at gnr. 23 bnr. 4,5 og 7 og gnr. 19, bnr. 11 vert lagt til og driven saman med gnr. 23, bnr. 6 og 8 som ei driftseining på ein landbruksmessig forsvarleg måte.

• Sak 020/05

Søknad om konsesjon til kjøp av gnr. 12 bnr. 1 - søker Jens Magne Håland.

Kommunestyret vedtok:

1. Kommunestyret i Bokn gir Jens Magne Håland konsesjon til kjøp av gnr. 12, bnr. 1 som omsøkt jf konsesjonslova av 28.11.2003 §§ 1 og 9, jf grunngjeving i saksutgreiinga.
2. Eit vilkår for konsesjon er at gnr. 12, bnr. 1 vert driven på ein landbruksmessig forsvarleg måte i minst 5 år samanhengande. Buplikt i 5 år samanhengande kan oppfyllest ved å bu på heimegarden gnr. 12, bnr. 2.

Kulturkalenderen - nye arrangement/forandringar blir **utheva** kvar gong

- daglege oppdateringar i nettutgåva -

JULI

09. **Marknadsdag i Krojen**
 09. **Utedans, arr. Bokn idrettslag & Bokn musikkorps**
 16. **Låvedans, arr. Bokn bondelag**
 17. Gudsteneste kl. 11.00

AUGUST

07. Gudsteneste kl. 11.00
 11. **Soknerådsmøte på Bedehuset kl. 19.00**
 13. **"Ta sjansen" i Humraparken, arr. Bokn båtforening**
 19.-21. **Kanotur for Speiderar til Lutsivatnet**
 21. **Frelsesarmeen på Bedehuset**
 22. **Oppstart, Bokn musikkorps**
 23. **Kino i Auditoriet**
 25. **Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30**
 28. **Speidarens dag, oppstart Ekorn speiding;Ulv og Meis og Speiderar (m/familier) på nærmil jøanlegget, Fyren kl. 13.00**
 28. **Gudsteneste kl. 11.00.**
 30. Formannskapsmøte

SEPTEMBER

02. **Bingo på skulen kl. 19.00, arr. Bokn musikkorps**
 04. **Bruamarsj, arr. Bokn idrettslag**
 04. **Misjonsfest NMS på Bedehuset kl. 19.00**
 06. **Speidar -patruljemøter**
 09. **Alpha fest m/reker på Bedehuset kl. 19.00**
 11. **Gudsteneste kl. 11.00 Presentasjons-gudsteneste/50-årskonfirmantar**
 13. **Ulv og meis, speidar - patroljemøte**
 15. **Soknerådsmøte på Bedehuset kl. 19.00**
 18. **Møte m/ABR senteret på Bedehuset kl. 19.30**
 23.-25. **Bokn skulekorps til "Karmøy brass"**
 20. **Kino i Auditoriet**
 20. **Speidar—patruljemøte**
 25. **Gudsteneste kl. 15.00 - Hausttakkefest**
 27. **Ulv og meis, speidar - førarmøte**
 27. Formannskapsmøte
 28. **Alpha på Bedehuset**
 29. **Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30**
 30.-
 01.okt. **Ulv og Meis-tur til Rønningen**

OKTOBER

01. **Irsk aften, arr. Bokn idrettslag**
 04. **Speidar - patroljemøte**
 05. **Basar Indre Sjøm.misjon på Bedehuset kl. 19.30**
 09. **Gudsteneste kl. 11.00**
 09. **Bingo på skulen kl. 19.00, arr. Bokn musikkorps**

Veke 41 **Haustferie, Bokn skule**

11. **Kommunestyremøte**
 12. **Alpha på Bedehuset**
 15. **Seminar, Bokn brass**
 16. **NMS på Bedehuset kl. 19.30**
 18. **Kino i Auditoriet**
 18. **Ulv og meis, speidar - førarmøte**
 20. **Soknerådsmøte på Bedehuset kl. 19.00**
 21.-23. **Speidartur til Vigdarheim**
 21. **Bedehusbasar kl. 19.30**
 22. **Auksjon, arr. Bokn musikkorps**
 23. **Gudsteneste kl. 11.00**
 25. Formannskapsmøte
 26. **Alpha på Bedehuset**
 27. **Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30**

NOVEMBER

01. **Ulv og Meis- opptak, Speidar - patroljemøte**
 04. **Kulturkveld på Bedehuset kl. 19.00**
 06. **Gudsteneste kl. 11.00 - Allehelgenssundag**
 06. **Bingo på skulen kl. 16.00, arr. Bokn musikkorps**
 08. **Speidar-opptak på Bedehuset**
 09. **Alpha på Bedehuset**
 13. **Gudsteneste kl. 16.00 - Bibel til 4-åringane**
 15. **Kino i Auditoriet**
 15. **Ulv og Meis, Speidar - patroljemøte**
 15. Formannskapsmøte
 19.-20. **Seminar, Bokn skulekorps**
 22. **Speidar - førarmøte (blindebukk)**
 23. **Alpha på Bedehuset**
 24. **Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30**
 26. **Seminar, Bokn brass**
 27. **Gudsteneste kl. 19.00 - Lysmesse, alle speidarar (Ulv og Meiser, Ekornspeidere)**
 29. **Ulv og Meis, Speidar - patroljemøte**

DESEMBER

01. Formannskapsmøte
 01. **Soknerådsmøte på Bedehuset kl. 19.00**
 06. **Grøttest for speidarane kl. 18.00 på skulen**
 07. **Alpha på Bedehuset**
 11. **Gudsteneste kl. 11.00**
 11. **Luciafest, arr. Bokn musikkorps**
 13. **Kino i Auditoriet**
 13. **Kommunestyremøte**
 18. **Nissemarsj, arr. Bokn idrettslag**
 18. **Juletefest på Bedehuset kl. 15.00, arr. Ekornspeidarane**
 24. **Gudsteneste kl. 14.00**
 26. **Gudsteneste kl. 11.00**
 28. **Juletefest på Bedehuset kl. 15.00**
 31. **Gudsteneste kl. 16.00**

Gåve frå bankrådet i SpareBank 1 SR-Bank

Bankrådet i SpareBank 1 SR-Bank Bokn har vedtatt å støtta m.a. Båtforeningen dette året.

Dei blei tildelt kr. 5.000,- til bygging av færingar samt sponsa med kr. 15.000,- gjennom tilbod på redningsvestar. Det ble kjøp inn 25 vestar frå Regatta.

Medlemmane i båtforeningen får kjøpt desse til kr. 300,-, ordinær ut-salspris er kr. 1.125,-

Fv. Hans Rune Øvrebø og Bjørn Erik Gundersen frå Bokn båtforening tar i mot gåve fra Trond Nedrebø og Ann Jeanette S. Olaussen i SR-Bank Bokn.





Jubileum

Jardar Havikbotn



Bokn skule markerte 100 års-dagen for unions-oppløysinga med Sverige.

Morgonen 7. juni var ein spesiell morgon, og rektor Ingjerd Ellingsen ville samla alle elevane og forbereda dei litt på all mediaomtale og historisk sus som villa koma ut over dagen og kvelden.



Solveig Våga fortalde entusiastisk historia rundt den store hendinga 7. juni 1905.

Flagg, bjørk og levande lys danna ei visuell ramme rundt ei kort og fin morgonsamling. Solveig Våga fortalde entusiastisk historia rundt den store hendinga 7. juni 1905. Ho meistra kunsten å gjera teksten like i nteressant og levande for ein førsteklasing som for ein tiandeklasing - svært bra framført!

På ein slik dag blir det også fokusert ein del på det gode venskapet med Sverige, noko også rektor gjorde. Ho hadde ein sekvens rundt dette med kva ein spesielt tenkjer på når det gjeld nabolandet, og hadde med seg ein del typiske svenske produkt.

På mellomsteget forbereder elevane eit innslag med det historiske temaet. Det var ikkje heilt klart til i dag, men planen er å framføra det for foreldra.

Midt i skuledagen fekk alle elevane kanelbullar med norsk flagg. Akkurat det trur eg skulen i Bokn var åleine om i landet.

Slutt på Tusenårsskiftet

I 1999 blei det tidleg lansert at denne dagen skulle markera ei endeleg avslutning på Tusenårsskiftet. Offisielt skulle dette skiftet vara i 5 år og alle tusenårsplassane rundt om i landet skulle vera ferdige innan dette 100 års-jubileet.

Flagg på brua


Reidar Alvestad

Det blei flagga frå Boknasund bru 17. mai og 7. juni i år. Det var 17. mai-komiteen som tok initiativet til dette for å markera 100-års feiringa for oppløysinga av unionen med Sverige. Vaktmeistrane fylgde opp ved midlertid å flytta ei av flaggstengene ved Boknatun til brua.

Permanent?

Flagget viste godt igjen, og burde kanskje bli eit fast innslag ved flaggdagar? Kanskje eitt flagg på kvar bru-side. I tilfelle må det sikkert takast opp både med vegvesen og andre.

Flaggstanga er nå tatt ned og kjørt tilbake til Boknatun opplyser vaktmeister Egil Ognøy.



DEN NORSKE KYRKJA
Bokn sokneråd

Soknerådsval 2005

Svanhild Alvestad



Valg 2005

Røysterett for 15-åringar

Kyrkjerådet og departementet har gjort endringar i vallova for sokneråd slik at det er høve for det ein-skilde sokneråd å vedta at ein vil la alle frå 15 år som er medlem i Den Norske kyrkja få røyste ved soknerådsvalet.

Bokn sokneråd syntes dette var eit flott forslag og gjorde straks vedtak om dette. Dermed er det opna for alle frå og med 15 år å vere med å velje nytt sokneråd i Bokn. Soknerådet håpar at mange vil gjere seg nytta av retten.

Soknerådet skal handsama innkomne lister til valet 11. august. Det vert høve til å førehandsrøyste i Servictorget på Boknatun frå 29. august, og sjølv valet vil gå føre seg i kyrkja etter gudstenesta 11. september og saman med stortingsvalet 12. september, då på Boknatun.



BORK er 10 år Etablerer seg på Torland

Jardar Havikbotn

Bokn ride- og køyreklubb har gjennomgått eit generasjonsskifte og bygger opp eit miljø på Torland.

Hesteklubben har eit godt samarbeid med Torland bufelleskap og grunneigar Ove Alvestad.

for motoriserte køyretøy.

- Kanskje dei kjem tilbake når dei har stifta familie, med sine ungar, smiler klubbleiaren.

Han veit også at fleire har gått over til Krovågen hestetenter, eller er med begge plassar.

Styremedlem Veronika Sæbø har møped, men seier ho berre **må** vera med i klubben og har ikkje tenkt å gi seg. Ho byrja som sjuåring, med instruktør og mangeårig klubbformann Erik Eikje, og har altså vore med sidan starten.

Hest låner ho av bufelleskapet, og



BANE FOR FRAMTIDA: Ridebanen på Torland ligg fint i terrenget, med utsikter til både på-bygging og utviding.

- Det eksisterer ein bruksavtale der me har både rettar og plikter, seier Jan Are fornøgd, formann for 10 års jubilaranten.

Heile bufelleskapet er medlem av BORK og hestane deira kan lånast av klubben. Jan fortel også om privatpersonar som har hestar her, og at det er høve til å leiga stallplass m/foring på garden.

Interessesvingingar

Europipe II-prosjektet i 1998/1999 la grunnlaget for ridebanen, som er 20 x 60 meter (pluss). På eit klubbmeisterskap i sprangridning 29. mai, der Spanne rideklubb frå fastlands-Karmøy var gjester, fekk dei bekrefta at banen held mål i slike stevner. Dressurridning kan også vera aktuelt å arrangera.

Den kjende distanserittet på Ognøy gjekk ut i fjor. Dalande interesse og dårleg vær var årsaken til det.

- Interessen er nok gått meir over til sprang og dressur, skyt Jan inn, som opplyser om at BORK i dag har 57 betalende medlemmer. I følge ein statistikk som kulturkontoret sit med i samband med søknad om kommunale kulturmidlar er dette over 100 medlemmer færre enn året før.

Jan snakkar også her om interessesvingingar, der mange ungdommar t.d. har forlatt klubben til fordel

regelen er at dyret skal leverast tilbake i same stand som før lånet.

- Ja, hesten treng stell kvar dag, og striglinga tar alt frå 15 til 30 min., fortel Veronika.


Og viss du trur at strigling er det samme som børsting så trur du heilt rett.

I dag driv 17-åringen med sprangridning, og får undervisning av Linda Lode. Linda har vore med som fast instruktør sidan 1997 og har trenarutdanning innan hest. Det er sprang som er hovuddelen hennar og ho driv med faget på deltid.

Den entusiastiske dama er også hesteinstruktør i Karmøy rideklubb på Ferkingstad, Spanne rideklubb samt at ho underviser ved jordbruksskulen på Tveit.

På Torland har ho i dag 10 elevar, berre jenter (sjølv sagt).

- Eg hadde også guttar her inntil i fjor, men jenter og hest heng fortsatt saman. Medan jenter dominerer før



UNG VETERAN: Veronika Sæbø har vore med i BORK sidan starten i 1995. Her er ho i aksjon på stevnet 29. mai.

Foto: Agnes Sæbø



ENTUSIASTISK:
Linda Lode

dei er 20 år, kjem guttane sterkare igjen seinare.

Hesten er eit stort kjæledyr for jenter i tenårene. Dei får sterke band til venen sin og legg vekt på å behalda han.

- Guttane er på ein annan måte og skiftar gjerne hest ofte, smiler Linda, som m.a. har lært opp Synnøve Odland til å bli den andre instruktøren i BORK.

Linda trivst svært godt med denne sportsforma og vil helst driva med dette framfor den andre jobben ho har.

- Med kjekke og inspirerande elevar blir det vel ei opptrapping, avsluttar Linda.



Stormen "Inga" i januar stakk av gårde med taket til den eine brakka, og eit provisorisk bølgeblikktak greier ikkje å halda vatnet ute. Den andre brakka gjer nytte for seg, men er også snart moden for utskifting.

I tillegg til at klubben ser seg om etter nye lokale blir det jobba med å letta adkomsten til banen. Jan nemner tilrettelegging og grusing av ein veg frå nordaust. Det enklaste for BORK ville vore om denne vegen kunne gått opp til fylkesvegen.

FULL KONTROLL: Synnøve Odland er eit "Linda Lode-produkt" som no underviser andre.



BLUE BOY SMILER OGSÅ: Styret anno 2005, fv. Jan Are (formann), Jan Kristian Jøsang, Veronika Sæbø på Blue Boy, Gry K. Øvrebø, Bjarne Odland (vara), Hilde Skeie og Anne Lisabeth Jøsang.

Framtidsutsikter

I slutten av september 2003 presenterte Bygdabladet BORK sine ridehall-planar, den gong med to alternativ, Ognøy og Torland, med ein totalkostnad på 1,5 mill. kr.

Arbeidsgruppa frå BORK presenterte planane sine for Formannskapet, med tanke på kommunal støtte, men sende ikkje søknad om spelemidlar i fjor - ei heller i år.

No har Bygdabladet grunn til å tru at visjonen dreier seg om å få vegger og tak på den eksisterande banen på Torland. Men prosjektet har ikkje blitt prioritert den siste tida, og noverande styre har ikkje tatt noka avgjerd her.



Resultat , klubbmeisterskap i sprangridning 29. mai 2005




Foto: Agnes Sæbø

Klasse 0.40m - clear round:

Frå venstre på bildet:

Audhild Sæbø	-	Blue Boy
Åse Øvrebø	-	Falotica
Cecilie Odland	-	Wirvel
Mmalin Brekke	-	Ramona
Elina Lode	-	Silver

I denne klassen fekk alle som kom feilfritt gjennom banen premie!

Klasse 0.60m - clear round:

Dei same starta + Veronica Sæbø - Blue Boy. I denne klassen gjekk også alle feilfritt.

Klasse 0.90m:

1.	Synnøve Odland	-	Wirvel
2.	Stine Cecilie Risøy	-	Falotica
3.	Veronica Sæbø	-	Blue Boy



5'er-fotball

Jardar Havikbotn



Norges Fotballforbund har bestemt at det skal spelast 5'er-fotball i minifotballen (10 år og yngre). Innføringa på Haugalandet våren 2005 har gått svært tregt.

Rogaland Fotballkrets skal innføre dette trinnvis. I år gjeld det 6/7-åringane, neste år 8-åringane og i 2007 skal også 9-åringane spela 5'er-fotball.

Større fotballoppleving

På nettsidene til Rogaland Fotballkrets blir det argumentert med at ungane får større fotballoppleving med å spela med 5 spelarar. Ungane får fleire ballberøringar og blir meir involverte i spelet.

I artikkelen blir det appellert til lagleiarane om å tenka på barna; at det er deira fotballoppleving dei skal administrera.

5'er-fotball er 5'er-fotball

Dette er overskrifta på artikkelen til Rogaland Fotballkrets, og dagleg leiar, **Odd Svensen**, seier til Bygdabladet at Han blir irritert når han høyrer om lag som praktiserer 7'er-fotball eller meir i denne aldersgruppa.

- Lagleiarar skal ikkje akseptera at andre lag ynskjer å spela med fleire enn 5 ungar på laget.

Han fortel at banane skal vera 20 x 40 m (max. 40 x 60) og måla 5 x 2 m. Det er klubbane som skal tilrettelegga for denne fotballforma.

- Lag som neglisjerer dei vedtatte retningslinjene vil få ein reaksjon frå oss, påpeikar Svensen.

Dårleg informasjon?

Det verkar ikkje som om innføringa har byrja skikkeleg her i distriktet. Då 6/7-åringane våre spelte mot Vard i Hauge-sund 30. mai var både banen og måla alt for store for nyordninga. Her skulle Vard, iflg. Svensen, hatt lagt til rette for dei nye retningslinjene.

Kårstø Cup på Falkeid 5. juni hadde heller ikkje tatt hensyn til dei yngste, der alle kampene deira blei spelte på for store banar og med for mange spelarar.

Trenarane for dei yngste i Bokn seier dei ikkje har vore klar over dette. Enten har Rogaland Fotballkrets ikkje informert klubbane godt nok, eller så tar ikkje fotballaga her i nordfylket det alvorleg, for Svensen fortel om mange lag i sørfylket som praktiserer den nye regelen.

Verken noverande eller tidlegare formann i Bokn IL har fått denne informasjonen så dette er vel eit døme på informasjonsbehovet i det moderne samfunnet.

- Bra saker....

Ordninga kjem nok på plass etter kvart.

I Bokn praktiserte Atle Jøsang dette allerede på første heimekampen mot Nord 2 den 7. Juni, etter at han hadde fått veta dette.

- Jo, 5'er-fotball var bra saker, var pausekommentaren frå trenaren.

Og alle som var på kampen kunne sjå at Fotballkretsen sine argument heldt mål. Det var påfallande å sjå kor godt den fotballforma passa ungane.

Dramatikk

Boknarane syntest heilt sikkert det var meir underhaldande enn gjestene, for Bokn vann heile 12-2.

Men det som blir hugsa best frå den fyrste 5'er fotballkampen i Bokn er dramatikken etter at domaren bles av for full tid, i sekundane etter lagbilde-takinga. Då nokre hender kom bak maskene og reiv målet ned over heile laget.

- Alle 6/7-åringar **SKAL** spela denne form for fotball denne sesongen, og ikkje noko anna.

Odd Svensen
Rogaland Fotballkrets

Dei fire måla (der to er senior-mål) som nå står på banen er såkalla veltesikre og innkjøpte av Bokn kommune og Bokn idrettslag. Me håpar å finna pengar til ei løysing, slik at ungane kan utføra sporten på ein sikker måte.

For Bokn opplever nå ei unik fotballinteresse, og det er uheldig både for spelarar og publikum og stå i kø for å få avvika kamp, slik som blei tilfelle dagen etter; pga. at det mangla mål på banen.

Jentene kjem for fullt

2. juni hadde eit nytt jentelag den



6./7.-åringane og maskoten er strålende fornøgde etter 12-2 seieren over Nord 2.

Bak fv. Bjørn Ove Jøsang, Erik Nilssen, Jone Våga, Fredrik Olausson, Sander Jøsang og Torfinn Alvestad.

Foran fv. Linn Sørvåg, Ida Havikbotn og Jonas Faye.

(Dei var ikkje så fornøgde etter at målet hadde ramla oppå dei...)

Ein av spelarane fekk tverrliggaren på foten før han la seg oppå skuldrene og pressa vedkommande ned mot graset. Heldigvis var mange foreldre der og fekk løfta målet raskt opp igjen. Og heldigvis gjekk alt bra.

Målet var ikkje av den veltesikre sorten og blei saman med det andre fjerna frå banen morgonen etter.

Teknisk sjef seier til Bygdabladet at kommunen ikkje kan ha usikre mål på eigedommen sin.

første treninga si. Det svært ferske laget var med på Kårstø Cup tre dagar etter og gjorde ein kjempeinnsats der. Trenar **Kjell Olav Skjelde** kan opplysa om at jenter frå 2., 3. og 4. klasse utgjør laget. Etter ferien skal dei vera med i serien, klasse J9.

Det svirrar også rykter om eit jentelag frå ungdomsskulen frå hausten.

Då stiller i tilfelle Bokn med tre guttelag, tre jentelag og eitt mixlag. Slå den!

For de som er interessert i å leie **klubbhuset** så er det **Anne Mette Jøsang** som er kontaktperson. Hun kan nås på tlf. 481 28 979 eller 52 74 85 56.

Priser:

- | | |
|---|------------|
| - Leie av klubbhus dagtid møter etc. | kr. 500,- |
| - Leie av klubbhus dagtid babytreff | kr. 250,- |
| - Leie av klubbhus kveldstid utover kl. 22:00 | |
| Medlemmer | kr. 900,- |
| Ikke medlemmer | kr. 1000,- |

NB: Styret har bestemt at husets lokaler skal være røykfrie.

Medlemskontingent BIL

- kr. 400,- Fam.m/barn under 18 år
- kr. 300,- Aktive over 18 år
- kr. 200,- Aktive under 18 år
- kr. 75,- Passiv støtte

Bruk av treningslokalet

- kr. 600,- ½ år medlem
- kr. 700,- ½ år ikke medlem
- kr. 1200,- 1 år medlem
- kr. 1400,- 1 år ikke medlem
- kr. 1200,- ½ år familie medlem
- kr. 2400,- 1 år familie medlem
- kr. 1400,- ½ år familie ikke medlem
- kr. 2800,- 1 år familie ikke medlem

De som går på steppen må også betale samme kontingent som for dei som bruker treningslokalet.

Nøkkelbrikke

Vi vil minne om at alle må betale et depositum på kr. 150 for nøkkelbrikken. Dette også til påminning for de som har fått utlevert brikke.

Det er også gledelig for oss i styret som har jobbet med huset, ser at det blir flittig brukt. Fortsett med det!!!

Fotball

Det er flott å se at så mange unge ønsker å være med å spille fotball. I dag har vi 6 lag som er påmeldt i serien. Dette er KJEMPEBRA. Håper at alle er med å støtter dette arbeidet slik at vår håpefulle får utfolde seg på idrettsbanen og vil ha gode minner fra den tiden.

Til de som har barn eller som selv er aktive i idrettslaget og ikke har betalt inn medlemskontingent oppfordres med dette å betale inn snarest mulig.

Vi takker samtidig for den flotte støtten vi får fra våre medlemmer

Ta gjerne kontakt viss det skulle være noe du lurar på.

Håper alle får en riktig fin sommer.

Med vennlig hilsen
Per Helge Sunde
Formann Bokn Idrettslag

J-10 Bokn - Avaldsnes

Kjetil Hamre

Kampen onsdag 15. juni var en god oppsummering av vårsesongen for Bokns jenter-10 lag

Rolig start

En forsiktig og rolig start med et baklengsmål etter ett minutt. Jentene var litt starttreige, men ut over i første omgang dominerte de stort og ledet for-tjent 3-1 til pause.

Enorm utvikling

Jentene har hatt en eventyrlig utvikling både individuelt, men ikke minst som lag. Tøffheten fra i vinter er tatt med

ute på banen, troen på at de KAN spille fotball er til stede og så hører dere på treneren. Det synes jeg er ekstra kjekt.....

Første omgang

Til tider var spillet veldig godt og spesielt defensivt var det god kontroll stort sett hele omgangen. Den største feilen er at vi enten er for seine ut i press eller går ut i press med stor fart, men dette blir laget flinkere til for hver kamp. Dette er heller ikke det letteste å lære seg på en fotballbane, men jentene er virkelig på gang her også.

Andre omgang

I andre omgang var det tydelig at vi møtte ett godt lag. Avaldsnes er det

eneste laget som har slått oss, men stilte med noe redusert mannskap til denne kampen. Uansett justerte de litt på laget og andre omgang ble en mye jevnere affære. Likevel var Bokn et lite strå hvassere og vant også andre omgang selv om det "bare" ble med 1-0.

Slår vi omgangene sammen ble det en 4-1 seier over Avaldsnes. Nå venter vi på sommer og sol!

Takk

Jeg vil takke for innsatsen til både spillere, hjelpetrenerne, oppmann og foreldre. Ta en fortjent pust i bakken så stiller vi opp med nytt pågangsmot til høsten. **Oppstart av treningen vil jeg komme tilbake til senere.**

Føll på Torland

Jardar Havikbotn


For fyrste gong på fleire år har det blitt født eit føll på Torland.

På Torland bufellesskap 21. april kl. 00:38 fødte hesten til Janne Mæland, *Little Miss Pinto* - kalla *Vesla*, ei nydeleg pinto-hoppe. Ho har fått namnet *Little Miss Velvet* og blir kalla for *Velvet*.

Den stolte eigaren fortel til Bygdabladet at ho har eigd *Vesla* i ni år. I fem av dei har hoppa budd på Torland.

Medan mora er ein blandingshest er faren ein brun,

Janne Mæland med Velvet på fødselsdagen hennar.



Minneord

Henry Are er død nær 85 år gamal.



Han var fødd på Dagsland som den eldste av 6 søsken. Foreldra var Ingeborg og Magnus Are. Som ungdom dreiv han helst som fiskar, til han i 1951 overtok farsgarden på Dagsland. Same året gifta han seg med Magnhild f. Sæbø.

Dei fekk 7 barn, men 1 jente døde som lite barn. Henry treivst godt med å vera bonde, og dreiv helst med mjølkekyr og ungdyr.

I 1987 overtok sonen garden, og han og kona flytta innover til Kyrkjebakken, der dei fekk 18 gode pensjonistår i lag. Her var han mest opptatt med hus og hage, og lika å slå av ein prat med vener og naboar.

Han etterlet seg kona, 6 barn og svigerbarn, 14 barnebarn og 1 oldebarn.

Minneord



Peder A. Wåge er død, 80 år gamal. Han var son av Karen og Asbjørn Wåge, og vaks opp i Våga på Austre Bokn. Syskenflokket var stor. Av ti sysken som fekk veksa opp, var han den fjerde i rekka. Det var stridt å metta så mange munnar på det vesle småbruket, og berre fjorten år gamal drog han til Jæren og tok seg jobb som gardsgut.

Etter nokre år vende han likevel attende til Bokn og gifte seg der med Anny Helene, som var dotter til Tora og Tom Snekkevik. Dei nygifte busette seg saman med foreldra hennar i Føresvik og fekk etter kvart tre døtre.

Peder hadde fleire ulike jobbar, både på sjø og på land. Han jobba mellom anna som fiskar, som mannskap på både frakte- og passasjerbåtar og saman med svigerfaren i smia, men frå 1959 var yrkesinnsatsen i sin heilskap knytt til TV-sendaren på Boknafjellet. Etter å ha deltatt i ein årelang byggeperiode, blei han tilsett som vaktmeister på TV-stasjonen, og i den jobben blei han verande fram til pensjonsalderen og vel så det.

Av hobbyaktivitetar var det hagen og plantane som stod Peder sitt hjarta nærmast. Utallege pensjonistimar gjekk med til å stulla å stella kring hus og i hage, og det meste grodde i spora hans. Han var den private "hagekonsulenten" for den etter kvart veksande familien, og mang ein avleggar frå hans buskar og planter har slått rot langt utføre hagemurane i Føresvik.

Eit av dei mest dominerande menneskelege trekkka ved Peder var den gleden han viste fram overfor barn og samværet med dei, og i tre generasjonar har barn kome til han og fryda seg over å vera saman med han. Mindre enn ein månad før Peder døydde, feira han 80-årsdag saman med storfamilien sin, der gjestene var i alderen 6 til 91 år. Det blei eit gildt arrangement, og eit godt minne for slekta. Peder etterlet seg kone, tre døtre, ni barnebarn og to oldebarn.

Betre enn dei fleste minneord over "Peda", står den vesle songen som blei framført på 80-årsdagen av eldste oldebarnet (som også hadde forfatta songen, om enn med påhalden penn):

Til Peda på 80-årsdagen

Tone: Napoleon med sin hær

1. Han oldefar er 80,
og her er me på fest.
Og adle her er glade,
og du er hedersgjest.
Familien er store,
det ser me jo rundt bordet.
Me feire her på Bokn,
for her like du deg best.

2. Han Peda, han er greie,
når me er her på tur.
Då sove han'kje middag,
han tar seg ei en lur.
Då leke me i hagen,
me kos'oss heile dagen,
og brus og chips og snop
har han alltid litt på lur.

3. Og me får fiska krabbe,
og teina har me fått.
I Pedabåten er me,
og det er bare flott.
Han Peda seie høvring,
me trodde det var kavring,
men nå så vett me bedre,
de seie det er godt.

4. Nå vil me gratulera
og ropa høgt HURRA.
For bedre oldefar,
nei, det kan nok ingen ha.
Me lar salutten dundre,
og håpe du blir hundre.
Så rope me i sammen
et høgt HURRA, HURRA,
HURRA!

Hilsen Thomas og Andreas

TILBUD STEINFRI SKJELLSAND

Kr. 150,- pr. m3 fritt utkjørt innmark

Kr. 160,- pr. m3 fritt utkjørt utmark

*Kontakt Morten Ullenes
4150 Rennesøy*

51 72 31 33

900 16 817



AluMarin

www.alumarin.no

Hoved Tlf: 478 93 188 - Geir V. Heskja Tlf: 902 04 205
Trond Vatnaland Tlf: 906 94 350 - Rune Vatnaland Tlf: 911 58 547
Konto nr. 3333 20 82804 - Org.nr. 987780444

SVEISING AV ALUMINIUM, PLAST OG STÅL. SLIPP, VEDLIKEHOLD OG
LAGRING AV BÅT. SALG OG SERVICE AV VARMEPUMPER OG KJØL/FRYS.

Prøv ein annonse i
Bygdabladet

Krabbe til salgs hos Ivar på Austre Bokn.


Tlf. 93 41 05 68 - 92 02 26 38



VELKOMMEN TIL EIN GOD OG
HYGGELIG HANDEL I ALVESTADKROKEN

NORSK TIPPING
DAGLIGVARER
BENSIN OG DIESEL
BANKTERMINAL

ALVESTAD HANDEL AS
ALVESTADKROKEN
5561 BOKN
TLF: 52 74 83 14


Nær 
Butikken

Mandag til torsdag
09.00 - 17.00
Tlf. 52 74 83 16


COOP BOKN

Fredag 09.00 - 18.00
Lørdag 09.00 - 14.00

- Dagligvarer
- Bensin—Diesel
- Medisinutsalg
- Driftsmidler
- Postfilial
- Bank i butikk



coop
marked



Marknadsdag i Alvestadkroken

Lørdag 9. Juli kl. 10.00 - 15.00

Tradisjonell marknadsdag med en mengde ulike salgsboder.

Mange gode tilbud på butikken og kafé på Sjøhuset med bl.a. fiskesuppe og himabakst.

Hilsen oss på butikken og Sjøhuset



Dikt

Sommar

Sommar- et bistikk på armen
Sommar- ein store mangefarga is
Sommar- eg ser fram te varmen
Sommar- et morgenlandskap med dis

Sommar- ei tå sjekke tempen i vannet
Sommar- på skulderen kan du steika ett egg
Sommar- reker sprelle i spannet
Sommar- eg kjenne varmen stråle fra ein mørk vegg

Sommar- eg servere grillt kull te salat
Sommar- bekymringsløs dag og natt
Sommar- regntøyet henge parat
Sommar- hylleblomstvinen er endelig satt

Sommar- maneter og høvring i garnet
Sommar- ei skosnor så røyg
Sommar- eg kjenne på det indra barnet
Sommar- eg har gløymt trekkfoglane så føyg

Sommar- krabbefangst under tare og stein
Sommar- solnedgang åå lang som et halvt år
Sommar- nordavind gjennom marg og bein
Sommar? det blei i alle fall vår!

Kjetil Hamre

Kulturprisen 2005

Bokn kulturkontor ynskjer forslag på kandidatar til kulturprisen 2005.


Prisen, som blir delt ut på eit kulturarrangement til hausten, skal vera ei påskjøning til ein person, lag eller andre som har utført eit særleg verdfullt arbeid på kulturområdet eller i nærmiljøet i Bokn kommune.

Desse har fått prisen tidlegare:

Eivind Øvrebø	1993
Målfrid Kro Trosnavåg	1995
Olaug Hognaland	1997
Solveig og Leiv Våga	1999
Matias Are	2001
Inger Sønnøve Bokneberg	2003

Stikkord for desse personane har vore

Bygdemuséet, kulturvern, restaurering, innsamling, kulturformidling, lokalkunnskap, entusiasme, inspirasjonsfigur, tradisjon, diktar- og forteljarevne, dikt- og prologskrivning, barne- og ungdomsarbeid, uformell, respekt, eldsjeler, musikk, omsorg, jordnær, helseførebygging og støttearbeid.



Kulturprisen 2003, Oljemaleri av Sauda-kunstnaren Lars Tveit.

Nå har du sjansen til å påverka kven Bokn kommune bør gi kulturprisen i år.

Skriv eit brev til kulturkontoret og fortel om kvifor akkurat den personen eller dei personane/laget bør få kulturprisen.

Frist: 1. juli



Når uhellet er ute

Vet du at SpareBank 1 SR-Bank tilbyr gode forsikringer, trygge oppgjør og rask behandling?
Samme hvilke fase i livet du befinner deg i, vil vi kunne tilby deg gunstige avtaler.

Samler du i tillegg alle forsikringene dine i SpareBank 1 Skadeforsikring, høster du mange fordeler.

Ta kontakt med oss i dag på telefon 02002 for mer informasjon om våre skadeforsikringer
eller stikk innom oss i Bogn.

Vit at vi er der.

SpareBank 1 SR-Bank

Vårtilbud varmepumpe!

Varmepumpe med en innedel: Kr 15.000,- inkl. mva.

Varmepumpe med to innedeler: Kr 26.000,- inkl. mva.

Montering og materiell kommer i tillegg.



AluMarin

www.alumarin.no

TIF: 478 93 188

Leilighet ønskes leid

helst med 2 soverom av
voksen dame i fast arbeid.

Tlf. 52 74 83 04 mellom kl. 12.00 – 18.00

*Hjertelig takk for alle blomster og hilsener ved min
kjære mann og vår pappa, Peder A. Wåge, sin
bortgang.*

*Spesiell takk til heimesjukepleien i Bokn kommune
og dr. Mattson for god oppfølging ved Peder sin
sjukdom.*

Anny

Astrid, Torunn, Heidi m/fam.

*Hjarteleg takk for all deltaking, blomster og
helsingar ved min kjære mann og vår gode far,
Henry Are, sin bortgang.*

Magnhild m/fam.

*Hjerteleg takk for all oppmerksomhet på min 80 års
dag.*

Augustin Jøsang

Kommunal informasjon

Ferieavvikling i seksjon helse

Lege: veke 27 og 28

Helsesøster: veke 27, 31 og 32

Jordmor: veke 28, 29, 31 og 32
(18. juli og 1. august)

Fysioterapeut: veke 27, 28, 29, 30 og 31

Brannvernkurs

Kurset på Bokn skule som skulle vore avvikla denne
mnd. er utsett til etter sommarferien.

Deltakarane blir kontakta.

- utleigeansvarleg -

Elevplass i musikk- og kulturskulen

Den stramme kommuneøkonomien har ført til at
musikk- og kulturskulen dei siste åra også har
fungert som eit formidlingssenter i tillegg til dei få
elevplassane me sjølv har i Bokn.

Døme på samarbeid med andre kommunar er dans/
drama i fjor (Tysvær) og at det i år er eit trommetil-
bod både for Musikkorpset og private (Haugesund).

På denne måten imøtekjem me lovforankringa frå
1997 om at kommunane åleine eller saman med
andre kommunar skal ha eit musikk/
kulturskuletilbod.

Viss du ynskjer plass/tilbod, uansett aktivitet, ta
kontakt med kulturkontoret i tidsrommet 1. - 20.
august.

Saknar du noko av dette etter årets 17. mai?



Cape til barnebunad, st. 116/128 kan
du få igjen i Servicetorget på Boknatun.

Henvendelser til teknisk i sommer

Saksbehandlere

På grunn av stor saksmengde, befaringer og ferieav-
vikling ber vi om at publikum bestiller avtale på for-
hånd i forhold til henvendelser på teknisk.

Vaktmestere

På grunn av den økonomiske situasjonen har det i år
blitt tatt inn begrenset med ressurser i forhold til ferie-
vikarer. I forbindelse med ferieavvikling kan dette re-
sultere at det vanlige vedlikeholdet, klipping osv. ikke
blir utført like ofte som tidligere år.

Vi ber om en forståelse for dette.

Hilsen oss på teknisk

Div. tenester på Boknatun

BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar.
Direktenr. 52 75 25 33. Ta kontakt for avtale.

Geir Austvik - fysioterapeut

BOKN FOTTERAPI

Kvar tysdag kl. 09.00 - 15.00
ved fysioterapirommet.

Enkelte andre dagar etter avtale.

Ver venleg å bruke tilhøyrande inngang.

For timebestilling tlf. 52 74 84 79

Direkte nr. på tysdagar: 52 75 25 33

Rita Jensen - fotterapeut

TRYGDEKONTORET

Kontortid kl. 9.00 - 14.30

Telefontid kl. 8.00 - 15.30

Tlf. 52 75 21 50 - Fax. 52 75 21 51

Direkte innval: 52 75 2 + linjenr.

Ragnhild Ognøy: linjenr. 150

Ingunn Sunde: linjenr. 152

Ingunn Sunde - trygdesjef

LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag i Boknatun
kl. 9.00 - 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre
vekedar, tlf. 52 77 05 00

Bjørn Bruaset - jordbrukssjef

Pga. ferieavvikling blir ikkje nett-
utgåva til Bygdabladet oppdatert i
vekene 26 - 27 - 28 og 30.


Neste blad kjem i slutten av august.

Me ynskjer alle lesarane våre
ein riktig god sommar!

Stort forsidebilde

Synnøve Odland frå
BORK i aksjon.

Foto: Jardar Havikbotn



Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Frist for
innlevering av stoff er etter avtale med
redaktøren. Bladet kjem ut 10 gonger i året,
ikkje januar og juli.
Eit abonnement kostar kr. 300,- pr. år, gratis
for bortebuande skuleelevar og studentar.

BYGDABLADNEMND

Svein Ivar Langhelle

Eva Moi

May Jorunn Vatnaland

TILSETTE

Jardar Havikbotn, redaktør

Tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08

E-post: jardar@bygdabladet.no

Reidar Alvestad, journalist

Tlf. 52 75 25 04 - 98 22 15 04

E-post: reidar@bygdabladet.no

Linda Ognøy, medarbeidar

Tlf. 52 75 25 45 - 91 16 87 82

E-post: linda@bygdabladet.no

ANNONSEPRISAR

Heilside kr. 620,-

Halvside kr. 380,-

Kvartside kr. 190,-

1/8 side kr. 125,-

Privatann. kr. 40,-

Fastann. etter avtale

www.bygdabladet.no

SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag kl. 08.30 - 15.00.

Vi kan t.d. hjelpa deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandlar i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte - Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknaspennå, krus
- kopiering

Direkte nr.: 52 75 25 10 og 52 75 25 11.

E-post: postmottak@bokn.kommune.no

Gro A. Sørensen
Seksjonssjef servicetorg

Bønder kvalifiserar seg

Reidar Alvestad

To menn og to kvinner frå gardar i Bokn har siste skuleår tatt agronomutdanning ved Vinterlandbrukskulen i Ryfylke.

Dei 4 er Erik Øvrebø, Louis Medhaug, Ingunn Are og Anne Lisabeth Jøsang. Til saman var det 15 elevar på skulen dette året.

Vinterlandbruksskulen er ambulerande i distriktet, og hadde dette året tilhaldsstad på Aksdal, for første gong på nordsida av Boknafjorden. Neste kurs blir skulen på Sand.

Hadde landbruksutdanning frå før

Då Anne Lisabeth Jøsang kom frå Flekkefjord til Bokn for 10 år sidan, hadde ho eigentleg to år på landbruksskule i Søgne. Men siste året ho gjekk der, fekk ho første sonen sin, og fekk dermed ikkje avslutta skulegangen på normalt vis. Difor ville ho nå fullføra løpet til agronom ved å ta dette skuleåret

tatt undervisning på kveldskurs slik at ho har generell studiekompetanse, og kan difor nå kalla seg agronom.

Under utdanninga hadde elevane praksis frå april og fram til eksamen i juni. Denne kunne dei ha på eigen gard, mot å visa fram dagbok over det arbeidet dei utførde. Elles kunne dei også vera borte frå skulen i mindre periodar dersom det var noko heilt nødvendig arbeid som måtte utførast heime på garden, t.d. at det var sjuke dyr.

Tidsklemma

Mange unge familiar som er i arbeid og tar utdanning ved sida, kjem ofte i den omtala tidsklemma - at det ikkje er nok timar i døgnet til å rekka over alt. Men Anne Lisabeth var heldig som hadde svigerforeldra som næraste naboar på garden, og som kunne hjelpa til. Elles hadde det vore vanskeleg å gjennomføra utdanninga. Ho og ektefellen som



Anne Lisabeth mellom tre av dei unge ammekyrne av rasen Hereford som ho har ansvar for på garden. To av dei 8 dyra er kviger som ikkje har hatt kalv.

2004/2005, kor vidaregåande kurs I og II er komprimert til 1 år. Det er difor berekna for vaksne personar som har både noko utdanning og praksis frå området frå før.

Anne Lisabeth har dei siste åra før Vinterlandbruksskulen

Kalvane går med blant kyrne og får den mjølka dei har behov for.



har to gutar på 5 og 10 år, har overtatt garden etter hans foreldre, og har for tida ungdyr, ammekyr med kalvar og sauer. Når dyra står inne om vinteren, er det difor ikkje berre å dra av garde utan å gje dei morgonstellet.

Men ein strevsam periode let seg gjennomføra når det er over ei begrensa tid, og Anne Lisabeth angrar ikkje.

Avløysar

Sjølvs har ho vore avløysar frå 1997. Nå for tida arbeider ho hos Erik Eikje på Ognøy som driv med gris og sau., og trives godt med det. Heime har dei 8 ammekyr og nokre ungdyr. Ungdyra skal leverast til slakt i desse dagar. Sauer har dei også overtatt. Etter kvart vil dei auka antalet dyr noko.

Å driva med ammedyr og sauer er ei driftsform som ikkje er så veldig arbeidskrevande. Men sjølvsagt må det ein arbeidsinnsats til, særleg på vinteren når dyra står inne. Men det er i alle fall noko som let seg gjennomføra, sjølv om dei begge går i anna arbeid.

Fagkompetanse er viktig

Når er det slik at både Anne Lisabeth og ektefellen Jan Kristian er agronomar. Ho meiner at fagkunnskapane hjelper henne til å få betre system på drifta. Ho har lært meir om kva som t.d. skjer i siloen, og kan vera meir i forkant. Ei blanding av erfaring og kunnskap kan også vera godt å ha når det gjeld sjukdom hos dyr.

Kanskje kan utdanninga føra til at dei kan unngå problem i drifta ved førebyggjande tiltak. Det har også under skulegangen vore fint å treffa andre som driv med det same og har samanfallande interesser. Det var elevar frå 19–56 år i årets kull.